Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr. —0—

Herad: Skjåk

Emne: Skav

Bygdelag: —

Oppskr. av: Edvard Grimstad

Gard: Grimstad

(adresse): Lillehammer.

G.nr. 42 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Amund Grimstad 77 år. Skjåk bonde.

SVAR

1. I spørjelista nr 7. Som er svara på før,* var det sagt at skav ikkje har vore brúka hr. Geit og sau fekk gnaga stokkane sjølve. Det er nå heill ukjent at kú fekk skav i nokor form.

Det kunne vel hende at ein timberkøyrar kunne skava av stokkar og turke lite til hesten. Men det var reint berre som ved eit tilfelle. Det var ikkje gjort nokor innsamling av skav til fôr.

Ein annan ting er at dei tok heil bork av fin furú, slik dei kalla skillingbork. Denne flekte dei av stokken og la han opp til turkings. Seinare vart borken malen til mjøl. det vart borkemjøl som skulle vera god til kalvar.

* Kan ikkje sjå at E.G. har sendt svar på 7.
AR.

9228